# Meland kommune

David Brakstad
Ievegen 171
5917 ROSSLAND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Lillian Straumøy Brakstad | 20.06.2014 |
| Vår: 14/2633 - 14/9876 | lillian.s.brakstad@meland.kommune.no | |

## Godkjenningl tiltak utan ansvarsrett - utbetring/endring av takkonstruksjon på hytte på gbnr 51/35,65,

**Administrativt vedtak. Saknr: 168/2014**

**Tiltakshavar:**
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

**Saksutgreiing:**
Det vert vist til søknad motteke 30.05.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld utbetring/endring av takkonstruksjon/takvinkel på hytte på gbnr 51/35,65,

**Vurdering:**

Planstatus:
Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjonshandsaming då eigedomen er bebygd.

Nabovarsling:
Tiltaket er nabovarsla 16.05.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Planløysing og utsjånad:
Tiltaket har forsvarleg planløysing og er i samsvar med Pbl § 29-1.

**VEDTAK:**

”Meland kommune gjev i  medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2  løyve til utbetring/endring av takkonstruksjon/takvinkel på hytte på gbnr 51/35,65 i samsvar med søknad motteke 30.05.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 30.05.2014.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort.  Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.
Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

**Klage**
Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Lillian Straumøy Brakstad<br>konsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| David Brakstad | Ievegen 171 | 5917 | ROSSLAND |